

med at Dr. Kawashima kan hjelpe elevar til å bli både flinkare og meir motiverte.

I år vart ein utvida versjon av studien publisert i British Journal of Educational Technology. 600 elevar i 32 skular deltok. Elevane fekk ein dagleg dose DS og Dr. Kawashima i ni veker. Konklusjon: Dei lærte å løyse matteoppgåver opptil 50 prosent raskare enn før, samanlikna med kontrollgruppa, som fekk tradisjonell undervisning i same periode.

Studien fann også at dei svakaste elevane gjorde størst framsteg. Det var ingen skilnad mellom jenter og gutter, og heller ingen skilnad mellom elevar som hadde spelet heime og ikkje. Fråveret i DS-gruppa gjekk ned.

No er Robertson og Universitetet i Dundee i gang med ein ny studie, denne gong på «Guitar Hero».

Det meste av forskinga som til no er gjort på dataspel, handlar om pedagogiske spel lagd spesifikt til skulebruk.

- Mi erfaring med dataspel som er lagd for undervisning, er at dei ofte er tilpassa den tradisjonelle læringsmodellen der læraren står med pekestokken og seier «dette er det du skal lære».

Barna spelar desse spela fordi lærarane ber dei om det, seier Robertson, men understrekar at det også finst gode spel i denne sjangeren.

- Kommersielle spel er naturlegvis lagd for under-

haldning, for å selje. Men kvaliteten er høg, dei har fantastisk design, og desse er spela dei unge sjølv har valt å spele. Dei er ein del av kulturen dei lever i. I tillegg inneholdt dei reelle utfordringar med stort pedagogisk potensial.

Det neste målet for The Consolarium, senteret i Dundee, er å få elevar til å lage sine eigne spel.

WE'VE GOT TO HOLD ON to what we've got ...!

I sentrum av Inverurie har Kings of Neon, Life on Mars, Electrifiers, Ice on Fire og Krash - elevar i skuleuniform - vore gjennom eit repertoar som spenner frå Blondie til Bon Jovi.

Ungdomskulturen er alltid blitt møtt med moralske peikefingrar, meiner Derek Robertson.

- Heilt sidan femtitalet har vi sett dette. Rock'n'roll, flower power, punk, rave, alt er blitt møtt med utbrøt av moralsk panikk. Dette gjeld også dataspel, som er sentrale i ungdomskulturen i dag, seier han.

- *We'll give it a shot*, syng elevane i skuleuniform, eller rockestjernene, alt ettersom.

- Vi må stoppe der, seier lærar Mhairi Garden, konserten er over.

Lærer dei noko?

Ein ting er i alle fall Alexander Cole, gitarist i Life on Mars, sikker på.

- Utan dataspel hadde skulen vore kjedelig.

To ord og utropsteikn lyser på skjermen bak han:

You rock!

njord.svendsen@bt.no



LITEN HUND: Dei minste elevane ved Strathburn Primary School spelar «Nintendogs», eit spel der du må lære opp og ta vare på din eigen hundekvalp.

➤ **dataspel i Skottland**

■ Skular i Skottland har sidan 2006 brukt kommersielle dataspel i undervisning.

■ Digital lærung generelt og dataspel spesielt står på den nye lærerplanen (Curriculum for Excellence) som vart innført i 2009.

■ Learning and Teaching Scotland er eit uavhengig fagorgan finansiert av utdanningsdepartementet. LTS lanserte i 2007 Glow, verdas første nasjonale intranett for utdanningssektoren. Her kan både lærarar, elevar og foreldre hente inspirasjon, råd og informasjon gjennom bloggar, diskusjonsgrupper og databasar.

NYHET! NYE SUNNERE TIL MIDDAGEN ENN PASTA OG POTETER

BYGG- OG HVETERIS express

Bygg- og Hveteris Express er 100 prosent naturlig og kombinerer tradisjonelle råvarer med moderne matlagning. Det er superraskt å varme og passer kjempegodt som tilbehør til både kjøtt, fisk, grønnsaker og salat. Bygg- og hveteris er rike på kostfiber, og inneholder langsomme karbohydrater som brytes sakte ned i kroppen og gjør at du føler deg mett lenge. Fire forskjellige smaker gjør Bygg- og Hveteris Express til et spennende og mye sunnere tilbehør enn pasta, ris og poteter.

VELBEKOMME!

FIRE SMAKER SOM
PASSER TIL DET MESTE

PESTO · TOMAT & BASILIKUM
TOMAT, CHILI OG HVITLØK · TACO



MØLLERENS
SIDEN 1866



FOR GRATIS PRØVE SKANN INN KODEN MED SCALIFE.

Send koden «SCAN» til 2140. Du mottar en sms med programmet «scalife». Scan deretter koden med din mobil. Har du en iPhone/Android telefon henter du programmet «scalife» gratis i App Store/Android Market.